


Øvingsoppgåve om gode beskjedar

Prøv først korleis det er å gi og få ein dårleg beskjed. 1 er den vaksne og 2 er elevane. Den som er den vaksne, går inn i rolla under. «Elevane» skal vere opptatt med sitt, men registrere korleis det kjennes når den vaksne gir beskjeden.



Den vaksne: Du skal få elevane til å leite fram arbeidsbøkene sine og starte med oppgåva du har vist dei. To elevar bake i rommet er høglydt opptatt med heilt andre ting (som vanleg). Du kjenner du blir irritert og før du heilt har tenkt over kva som er lurt, hever du stemmen slik at dei høyrer deg og seier «Hei der! No er det jammen på tide de også startar å følgje med! Det er veldig slitsamt for både meg og alle andre her, at de sit der og bråkar og ikkje gjer det de skal!»

Reflekter saman kort:

- Korleis kjennes det å gi og få ein slik type beskjed?

1	<ul style="list-style-type: none">• Sjekk og juster eigen tilstand.• Ha tru på at du får barnet til å samarbeidel
2	<ul style="list-style-type: none">• Oppnå kontakt med barnet.• Armlengd avstand og lik ansiktshøgde er fint.
3	<ul style="list-style-type: none">• Sjekk og juster barnet sin tilstand.• Er der følelsar eg bør bekrefte før beskjed?• Treng barnet hjelp til å kome inn i toleransevinduet sitt?
4	<ul style="list-style-type: none">• Gi beskjed med få, enkle ord, og mild vennleg stemme.• Beskjeden bør handle om kva barnet skal starte med, ikkje slutte med.• Legg til «...er du snill» til slutt.
5	<ul style="list-style-type: none">• Følg opp!• Bli verande med barnet til barnet følger beskjeden.• (Tel inni deg til 10 og gjenta på same måte ved behov)
6	<ul style="list-style-type: none">• Vis at du er fornøgd med barnet når barnet følgjer beskjeden!

Gå vidare og prøv denne versjonen: Situasjonen er den same, men denne gongen bestemmer du deg for at du skal få dei til å jobbe. Du sørger for at du har mild, vennleg stemme, og at du er nær nok elevane til å få kontakt likevel:

«Eg ser at de har det kjekt saman her bake. Det er bra. 😊 No er det på tide å jobbe litt igjen. Ta fram arbeidsbøkene er de snill.» (bli verande, og tel inni deg til 10 og gjenta om naudsynt «Ta fram arbeidsbøkene er de snill.»)

(Eventuelt gi ros til den eleven som gjer det først, utan å vise den andre at du er misfornøgd. Gi den andre eleven lyst til å vere like flink for å oppnå tilsvarande god respons, og gi det med ein gong eleven viser teikn til å gjere det det skal).

«Flott!» Gi neste beskjed om kva dei skal gjere, og vis at du har ei positiv forventning til at dei klarer dette.

Reflekter saman kort:

- Korleis kjennes det å gi og få ein slik type beskjed?